



«Samvirkekompetansegruppa» legg vekt på at det sentrale no er å sikre øvings- og treningsareaner nær dei operative einingane. «Mulighetsstudien» var meir opptatt av å få etablert regionale og nasjonale sentra.

VI MÅ ØVE MEIR - MED REINT SAMVIRKE-FOKUS

Ein innsats i samsvar med samvirkeprinsippet kjem ikkje av seg sjølv. Utan opplæring og øvingar som har samvirke som særleg kompetansemål eller læringsutbytte, kjem reelt samvirke ikkje til å skje i praksis, skriv forfattarane.

AV GEIR SVERRE BRAUT OG TORA AASLAND

Risiko i et trygt samfunn er tittelen på den nye meldinga til Stortinget som statsråd Anders Anundsen presenterte den andre veka i desember 2016. Denne meldinga stadfester at prinsippa om ansvar, likskap, nærleik og samvirke framleis skal gjelde for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap her i landet. Prinsippet om samvirke har vore gjeldande for redningstenesta gjennom mange tiår, men som grunnleggjande prinsipp i samfunnstryggleiksarbeidet, kom det først med etter hendingane den 22. juli 2011.

Ulike definisjonar av samvirke

Samvirke som ord og fenomen blir slett ikkje alltid brukt eller oppfatta eintydig. Bruken av dette omgrepet opp gjennom tidene er i seg sjølv interessant. Dette er noko som ein for tida forskar på, så det skal ikkje omtalast nærare her. I denne omgangen skal vi nøye oss med å leggje til grunn den definisjonen som blir brukt i meldinga til Stortinget. Den stammar frå ein kongeleg resolusjon frå 2012:

Samvirkeprinsippet [...] betyr at myndigheter, virksomheter eller etater har et selvstendig ansvar for å sikre et best mulig samvirke med relevante aktører og virksomheter i arbeidet med forebygging, beredskap og krisehåndtering.

Denne definisjonen peikar på i alle fall tre viktige eigenskapar ved samvirkeprinsippet:

- Alle arbeider i samsvar med sitt eige ansvar.
- Måla skal oppnåast gjennom å styrke kvarandre.
- Det omfattar alle relevante aktørar og verksemdar, ikkje berre naudetatane.

Samvirkeprinsippet er slik sett bygd på ei vilje og ikkje minst evne til å arbeide saman. Det utfordrar dei vanlege, daglege organisatoriske skiljelinene, både mellom offentleg forvaltningsorgan, private verksemdar og frivillige organisasjonar. Personellet må både tenkje og arbeide noko annleis når ein må gå så nært innpå kvarandre som samvirkeprinsippet krev. Dette er såleis noko som ein må lære seg. Det krev kompetanse i form av kunnskap og praktiske evner. Men ikkje minst må det byggje på ein høg grad av tillit mellom dei som skal samvirke.

Samvirke kjem ikkje av seg sjølv

Ein innsats i samsvar med samvirkeprinsippet kjem difor ikkje av seg sjølv. Det er heller ikkje nok å fastslå gjennom planverket at samvirke skal bli etablert. All erfaring tyder på at vi ikkje minst i stressande situasjonar har ein tendens til å handle slik som vi «alltid» brukar å gjere. Så difor: utan opplæring og øvingar som har samvirke som særleg kompetansemål eller læringsutbytte, kjem reelt samvirke heller ikkje til å skje i praksis. Samvirke er noko meir enn berre å gjere noko saman. Det handlar om å understøtte kvarandre og medverke til at alle partar lukkast i sine ulike oppdrag. Det handlar om å ha tillit til kvarandre.

Samvirke krev såleis «samvirkekompetanse» hos både dei som skal arbeide saman i den skarpe enden og hos leiarar på ulike nivå, like til topps i det nasjonale styringsapparatet.

Slik er dette omtala i meldinga til Stortinget:

Godt samvirke forutsetter forståelse, tillit og kjennskap til hverandres ressurser, kompetanse, organisering og kultur, og en vilje til å stille ressurser til disposisjon. Godt samvirke oppnås der partene møtes med en åpen holdning til andres perspektiv og kompetanse, og der oppmerksomheten er rettet mot at oppgaven totalt sett blir løst på best mulig måte.

Meldinga legg også vekt på at dette ikkje er noko som kjem av seg sjølv:

Felles beredskapsforberedelser i form av planer, trening, øvelser, evaluering og læring står helt sentralt.

Utvikling av samvirkekompetanse

I 2015 la ei tverrsektoriell arbeidsgruppe fram eit omfattande og grundig dokument om mulighetene for å etablere eit eller fleire øvings- og kompetansesentra for beredskapsaktørane («Mulighetsstudien»). Etter at denne var ute på høring, bestemte Justis- og beredskapsdepartementet seg for å setje ned ei arbeidsgruppe for å gjennomgå høyringssvara og gi konkrete, prioriterte tilrådingar om korleis ein kan oppnå tilstrekkeleg samvirke gjennom kompetanseutvikling og øvingsverksemd mellom beredskapsaktørane, på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Denne gruppa kom med tilrådingane sine i desember 2016. Det er både likskapar

og ulikskapar mellom vurderingane frå «Mulighetsstudien» og «Samvirkekompetansegruppa».

Begge er opptatt av at samvirke må øvast for å kunne bli effektivt. Det er ingen tvil om behovet for auka innsats på dette feltet. «Mulighetsstudien» legg i samsvar med oppdraget sitt vekt på å omtale grunnlag og føresetnader for å etablere sentra for å ta seg av den styrkte innsatsen.

Øving må skje der dei operative einingane arbeider

«Samvirkekompetansegruppa» legg vekt på at det sentrale no er å sikre øvings- og treningsarenaer nær dei operative einingane. For å møte behovet for samvirkekompetanse hos store grupper av profesjonelle og frivillige aktørar over heile landet, er det viktig å sikre at utvikling og øving av denne kompetansen skjer i alle fall innanfor dei ulike LRS-områda (politidistrikta). På nasjonalt nivå treng ein utvikling av standardiserte prosedyrar og opplæringsprogram, jf. PLIVO. Dette er ei oppgåve for ulike direktorat, gjerne i nært samarbeid med Politihøgskulen.

Vidare treng ein eit betre system enn det vi har i dag for å samle inn erfaringsmateriale frå reelle hendingar og øvingar. Nokon må sikre at dette blir gjort tilgjengeleg, både for utvikling av planverket og som grunnlag for vidare øvings- og opplæringsverksemd. Både «Mulighetsstudien» og «Samvirkekompetansegruppa», om enn på litt ulike måtar, peikar på Hovudredningsssentralane som aktuelle instansar for å ta seg av dette. Det er også naturleg å sikre at dette erfaringsmaterialet blir brukt for forskning og utviklingsarbeid i regi av universiteta og høgskulane.

Sist, men ikkje minst, er det behov for å kople samvirkeøvingar opp mot andre ressursar enn dei som direkte er ein del av redningstenesta etter organisasjonsplanen. I dette noko breiare samvirkeperspektivet må ein difor i alle fall kople på kommunane.

Øvingar og kompetanseauke krev ressursar. «Samvirkekompetansegruppa» meiner difor at dette er noko som overordna styremakter må stille krav om og setje rammene for gjennom dei vanlege styrings- og budsjettprosessane sine. ■



GEIR SVERRE BRAUT

er seniorrådgjevar i Helse Stavanger HF og professor i samfunnstryggleik ved Universitetet i Stavanger. Han har tidlegare vore assisterande direktør i Statens helsetilsyn. Han var leiar av «samvirkekompetansegruppa».



TORA AASLAND

er seniorrådgjevar i Helse Stavanger HF og driv med forskning om samvirke i redningsteneste og tryggleiksarbeid. Ho har tidlegare vore stortingsrepresentant, statsråd og fylkesmann i Rogaland.